Styrereferat SBTK 2. september 2014

Tidspunkt: 2. September 2014 kl 18:30 i Maskinveien 6
Til stades: Trond Skeie, Michael Nickel, Rune Skretting, Kjell Søiland, Radoslaw Wincza, Roy Høyland, Rold Lygre (referent)

Sportsleg

4/2014-1 . Trenarar/treningar
Me fekk helsa på den nye trenaren, Carles Font Gallego, og diskuterte også ein del omkring det sportslege opplegget med han.

Må ha ansvarlege per dag:

Måndag: Carles, Radek, Pål Arne eller Matias, Rune
Tysdag: Carles, Radek, Pål Arne eller Matias, Roald
Torsdag: Carles, Radek, Pål Arne eller Matias
Roald sjekkar med Matias og Pål Arne om dei har bestemte dagar som passar betre enn andre.

Må ha avtale om kva dagar spelarane i gruppe 1 og 2 skal vera der, dette blir gjort den første veka.

Utstyr: Boksar: Trond kjøper inn.

5/2014-15. Lag i seriespelet
Det blir uttak til 2. divisjon den 11 september. Deretter tek me ut tredjedivisjonslag.
Me trur me vil ha 2 lag i både 4. og 5. divisjon, bestemmer det når me ser oppmøtet på trening.

Støtte til laga: Me går inn for same som i fjor, dvs støtte til reising, kr 750 til Oslo og 500 til Bergen.. Reknar med at det blir 50 000 i slike utgifter.
Dekker overnatting for trenarane (dei som er trenarar tre dagar).

6/2014-15 – Siddistreffen
Styret er representert i komiteen, så komiteen kan ta økonomiske avgjerder.
Roy gjekk gjennom organiseringa/oppgåvene. Tillegg til referatet frå Siddistreff-møtet: Radek tek pressekontakt, Roald tek seg av organisering av dugnad.

Roald sender ut info frå forbundet (krav til arrangørar).
Neste møte i Siddistreffenkomiteen: Måndag 8. kl 20:00. Roald bestiller møterom.

6/2014-15 – Finansar
Medlemmer: Kjell sender ut krav om melemskontingent og treningsavgift til alle som er registrert i Klubbadmin.
Radek tek mot nye:
-Registrerar dei i Klubbadmin (via reg.ark)
-Dela ut forventningar/reglar. Roald og Radek oppdaterar det som ligg på websida.
Alle trenarar/ansvarlege må kryssa av på lista kven som er til stades på kvar trening.

7/2014-15. Drakter, Logo
Me har fått tilbod frå Kjetil Sæthre og TTex. Me vel TTex basert påfrå pris og venta leveringsevne på etterbestillingar. Sjekkar om det går an å få ein enklare type skjorter (einsfarga).Trykking kan ordnast lokalt.
Me ber om eit demosett . for prøving før fellesbestilling.

Logo: Einsfarga.
Trond og Roy organiserar.

8/2014-15. Sponsing
Det me kan selgja er reklame på bord på Siddistreffen.
9/2014-15. Stemne
Støtte: Opp til 18 år, støtte på 50% av stemnepåmelding dersom dei har gjort dugnaden på Siddistreffen.
Stemne som me gjev støtte til før jul: Reisestøtte til: Stord cup, Skjoldar cup. NC1 (for dei uttekne), Reisestøtte: som for serielag (kr 750).